



## Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune  
11 JUN 2014

Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Erling Hodneland - 55516355

Vår referanse:  
2014/027596-017

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.06.2014

### Fv 7 Haukanesberget - Svar på spørsmål i fylkesutvalet

I ein e-post den 27. mai 2014 har vi fått oversendt frå fylkeskommunen eit spørsmål om Haukanesberget som representanten Bente Bondhus tok opp i fylkesutvalsmøtet den 20. mai 2014.

Spørsmålet er:

#### "Haukanesberget

Ekstraordinære midlar for å styrka trafikktryggleiken ved prosjekt Haukanesberget, Granvin kommune. Utfordring; vegstrek på ca. 70 m gjenstår for å gjera prosjektet tryggare i overgangen mellom ny tunnel og den eksisterande vegen. Korleis kan ein løysa denne utfordringa?"

Arbeidet med utbetring av rasstrekninga forbi Haukanesberget er i full gang. Innslaget og arbeidet med tunnelen går frå Folkedal mot Haukanes. Ved utbetring av rasstrekninga vil den nye tunnelen og tilknytingsvegane til dagens veg bli tilpassa og avslutta på ein trafikksikker best mogeleg måte. Vi vil likevel få eit standardsprang mellom gamal og ny veg uansett kor nye-vegen vert avslutta.

Vi reknar med at spørsmålet som er stilt er knytta til ei strekning på ca 100 m på Folkedalsida. Denne delen ligg utanfor den godkjente reguleringsplanen for prosjektet og inngår dermed ikkje i dette rasutbetningsprosjektet.

Vi er samd i at standarden på mange strekningar på fv 7 oppfyller ikkje dagens krav til vegstandard. Men slik er det og på mange andre fylkesveggar i Hordaland.

Dersom det skal gjerast tiltak på Folkedal må det sjåast på som eit eige trafikksikrings/utbetringstiltak. Det må truleg utarbeidast ein reguleringsplan for tiltaket. Men dette tiltaket ligg ikkje inne i gjeldande Handlingsprogram for Regional transportplan

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Hordaland 2013 – 2024 og det er førebels ikkje budsjettmidlar til tiltaket. Dersom vi skal utbetre denne strekninga på kort sikt, må nokre andre tiltak gå ut. Vi vil ikkje rå til dette.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing



Olav Finne  
Avdelingsdirektør



Erling Hodneland